

Innspel til spørjetimen for kommunestyremøte 21.09.2016

Mange eldre i Meland har i dag tiltak i heimen for å klare seg sjølv. Det kan vere tiltak av forskjellig art. Dette er ei god ordning, men hjelpa kjem dessverre oftast på tidspunkt der tiltaka vert meir akutt. og ikkje som førebyggjande tiltak.

Det finnast kommunar som gjennomfører kartlegging på eit tidlegare tidspunkt, for å førebyggja større tiltak enn naudsynt. Dette dreier seg om at dei eldre kan klara seg lengre heime, før det vert behov for meir omfattande tiltak.

Har Meland Kommune vurdert å kartleggje meir førebyggjande tiltak for å auke dei eldre sin evne til å klara seg sjølv i sin eigen heim?

19.09.2016

Øystein Blom

Høgre